

Landbrukskontora i kommunane

Vår dato: 14.03.2018

Vår referanse: 18/17467- 3

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Jordleigeprisar 2018

Den årlege jordleigeundersøkinga startar nå, og vi håpar på like god oppslutning som tidlegare.

Resultata frå undersøkinga vert brukt til ulike formål her i landet i tillegg til at jordleigeprisane vert rapportert til internasjonale statistikkorgan. For at kvaliteten på desse tala skal bli best mogeleg, er det viktig at de rapporterer inn så korrekte opplysningar som råd.

Vi ønskjer at de rapporterer inn dei **gjennomsnittlege leigeprisane per dekar/dyr (per år)** i dykkar kommune. Dette gjeld også prisar for spesialproduksjonar, der prisane ofte er høge. Landbruksdirektoratet har informasjon om at det i enkelte område vert betalt godt over 2000,- kr per dekar for spesielle produksjonar. Det er viktig at også slike prisar vert reflektert i dei prisane de oppgjev. Dersom leiga er vederlagsfri oppgjev de opp 0,- kr. Er det spesielle tilhøve knytt til leigeprisane i kommunen, ønskjer vi at de skriv ein kort kommentar til dette.

Skjemaet, som kan fyllast ut elektronisk, finn de på vår heimeside www.landbruksdirektoratet.no eller ved å klikke på følgjande lenke: [Jordleigeprisar 2018](#)

For meir rettleiing om utfylling – sjå skjemaet.

Vi ber om at de fyller ut skjemaet og sender til oss **innan torsdag 5. april 2018**. Resultata frå undersøkinga vert lagt ut på heimesida vår så snart dei er klare.

På førehand takk for hjelpa.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Lasse Erdal
seksjonssjef

Kjersti Sorteberglien
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.